

Innleiing

<https://doi.org/10.7557/ottar.8056>

Den rike samiske historia til Romsa/Tromsø er ukjend for mange av di fleire av byen sine samiske spor gjekk tapt i fornorsking og grensestenging. Utstillinga Rávdnji, som opna ved museet 13. juni 2024, løftar fram fortrenge fortellingar om den sjøsamiske og reindriftssamiske historia i Tromsøområdet. Ho peikar på kulturelle band mellom kyst og innland, samiske kulturminne, levd liv, kvardagssyslar, og det gode naboskapet/verdde. I dette Ottarnummeret er målet å grava djupare i nokre av dei tema utstillinga kastar lys over.

Lenge har det vore eit ubalansert forhold mellom mangelen på kunnskap om den lokale, samiske historia og museet sine rike arkiv. Gjennom djupdykk i museet sine fotoarkiv, gjenstandssamlingar og forskingsarkiv, er målsettinga å løfta fram spor og forteljingar om samisk liv i Romsa. Med dette nummeret av Ottar tek åtte inviterte forfattar utgangspunkt i problemstillingar knytt til den lokale samisk historia som også har band til utstillinga Rávdnji.

Trude Fonneland og Ingrid Sommersteth sine artiklar har fokus på Rávdnjevággi/Finnheia på Sáallir/Kvaløya og den bynære Romssavággi/Tromsdalen. Begge landskapsrom inngår i ei større historie om grensestenginga og tvangsforflyttinga sine konsekvensar. I tillegg løftar dei fram sjøsamiske spor i Tromsøområdet gjennom kulturminne og skriftlege kjelder som vitnar om sjøsamar sitt liv og virke i Romsa.

I Rávdnji er eit av utstillinga sine panel via til forteljinga om Máhte Marge/Margrethe Kitti, som var leiar for ein reindriftssiida med ein stor reinflokk på Sáallir/Kvaløya. Stine Benedicte Sveen fortel om Margrethe sitt liv frå ho vart fødd i fembøringen Drauen i 1884 til ho vart gravlagt på gravlunden ved foten av Rávdnjevággi/Finnheia i 1974, og alle forteljingane som lever vidare.

Tvangsforflytting av reindrifsfamiliar frå sommarlandet i Tromsøområdet er vitnesbyrd om historisk urett. Ivar Bjørklund gjev i sin artikkel ein viktig kontekst til forhandlingane om den grenseoverskridande reindriften frå utforminga av Lappekodisillen i 1751 fram til 1972-konvensjonen. Bjørklund viser at utanrikspolitiske grep har splitta opp det samiske fellesskap både innanfor og utover Noreg sine grenser.

Nokre av kulturminna som fortel om samisk tilhøyrse til og virke i Tromsøområdet er sieiddit, offerstadar. Dikka Storm løftar fram to slike sieiddit som peikar på ulike samiske levemåtar i regionen; Stábba/Stabben i Málatvuotna/Malangen og Sieidigeaðge/Seisteinen i Gállafierda/Kaldfjorden.

Som fylgje av vindkraftverk og utbygging i friluftsområde, er både reinbeiteområde og samiske kulturminna i dag trua. Camilla Brattland viser korleis desse utfordringane kjem til uttrykk i Rávdnji gjennom val av design og i kunstnariske uttrykk.

Rossella Ragazzi og Joar Nango diskuterer den kuratoriske prosessen knytt til utviklinga av utstillinga, Rávdnji. Nango, som er samisk kunstnar og arkitekt, var med sitt team Vougas, ansvarleg for utstillinga sitt design. Artikkelen peikar på interaksjonen mellom den no 52 år gamle utstillinga Samekulturen og Rávdnji som er bygd inn i eit av Samekulturen sine tidlegare montrar. Ragazzi og Nango diskuterer også utstillinga sin kunstnariske ambisjon med bidrag frå samiske kunstnarar og forfattarar som Hans Ragnar Mathisen, Katarina Spik Skum, Anders Sunna og Elin Anna Labba.

Me håper at dette temanummeret av Ottar vil bidra til auka kunnskap om og interesse for den mangfaldige samiske historia i Tromsøområdet.

Trude Fonneland
hefteredaktør